



Utval:	<b>Helse- og omsorgsutval</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgsenter
Dato:	15.04.2016
Tid:	09:00

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Eli Linda Nesje	NESTL	KRF
Liv Sissel Fanum	MEDL	SP

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Lars Joar Hagseth	LEDER	AP
Svein Misund	MEDL	V
Oline Dyrseth Blø	MEDL	AP

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Vara for:	Parti
Leiv Magne Ugelvik	Lars Joar Hagseth	FRP
Petter Ræstad	Oline Dyrseth Blø	SP
Erna Drønnesund	Svein Misund	V

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Leif Arne Lagesen	Einingsleiar
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær
Ketil Ugelvik	Rådmann

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Eli Linda Nesje

Liv Sissel Fanum

Leiv Magne Ugelvik

Petter Ræstad

Erna Drønnesund

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/3	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 16/4	Søknad om serverings- og skjenkeløyve ved konsertarrangement i Risvika 22. april 2016	2016/116
PS 16/5	Årsmelding - årsrekneskap	2016/169

Det vart halde møte i Helse- og omsorgsutvalet den 15.04.16 ved Midsund omsorgsenter. Møtet vart leia av Eli Linda Nesje. Møtet tok til kl 09:00.

Under referatsaker orienterte einingsleiar Leif Arne Lagesen utvalet om følgjande saker:

- Ekstra midler til heimebuande demente, dagaktivitet.
- Gjennomgang planoversikt.
- Kommuneoverlege, utdanningspermisjon spesialisering, det vert sett inn vikar i denne tida (haust 2016).
- Fysioterapeut skal ut i svangerskapspermisjon, det vert sett inn vikar i denne tida.
- Ungdata, kartlegging av 8., 9. og 10. klasse, Rus og psykisk helse.
- Søknad på kompetansmidlar til kompetanseheving/ utdanning.
- Sommerfest ved Midsund omsorgsenter 9. juni.
- Gjennomgang av frávær 1. kvartal 2016.

Andre orienteringsaker:

Plan for Rus- og psykisk helse vert gjennomgått på neste møte.

Namneendring på selskap med skjenkerettighet:

Reidar Heggdal/ Heggdal Fjord og Fiskeferie (enkeltforetak) har endra namn og selskapform til R Heggdal AS.

### **PS 16/3 Godkjenning av protokoll**

#### **Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 15.04.2016**

Protokoll frå møtet i Helse- og omsorgsutvalet den 04.03.16 vert godkjent.

**PS 16/4 Søknad om serverings- og skjenkeløyve ved konsertarrangement i Risvika 22. april 2016**

**Forslag til vedtak:**

Midsundfestivalen får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføringa av konsertarrangementet i Risvika 22. april 2016.

Løyvehavar:	Midsundfestivalen
Skjenkestad:	Naust gnr.57 bnr.10
Styrar:	Lars Jarle Jensen, f. 02.04.1967
Nestansvarleg:	Gunnar Kvalsund, f. 01.08.1954
Alkoholvare:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol
Type løyve:	Løyve for ei bestemt anledning jf. § 1-6, 2. ledd, 2. pkt i Alkohollova
Løyveperiode:	22.04.16 – 23.04.16
Skjenkeareal:	I naust gnr.57 bnr.10 med tilhørande telt på enden samt område rundt avgrensa med gjerde som vist på kart/skisse
Skjenketid:	22.04.16 – 23.04.16 kl 18.00 – 02.00
Løyvegebyr:	Jf. § 7-1, 2. ledd i Alkohollova fastsett Midsund kommune løyvegebyr. Løyvehavar skal levere omsetningsrapport til kommunen
Vilkår:	Pålegg frå politiet knytt til ordensvakter må etterkomast.

**Behandling i Helse- og omsorgsutval - 15.04.2016**

Eli Linda Nesje fremma forslag om nytt punkt:

Aldersgrense: 18 års aldersgrense på heile arrangementet

**Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 15.04.2016**

Midsundfestivalen får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføringa av konsertarrangementet i Risvika 22. april 2016.

Løyvehavar:	Midsundfestivalen
Skjenkestad:	Naust gnr.57 bnr.10
Styrar:	Lars Jarle Jensen, f. 02.04.1967
Nestansvarleg:	Gunnar Kvalsund, f. 01.08.1954
Alkoholvare:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol
Type løyve:	Løyve for ei bestemt anledning jf. § 1-6, 2. ledd, 2. pkt i Alkohollova
Løyveperiode:	22.04.16 – 23.04.16
Skjenkeareal:	I naust gnr.57 bnr.10 med tilhørande telt på enden samt område rundt avgrensa med gjerde som vist på kart/skisse
Skjenketid:	22.04.16 – 23.04.16 kl 18.00 – 02.00
Løyvegebyr:	Jf. § 7-1, 2. ledd i Alkohollova fastsett Midsund kommune løyvegebyr. Løyvehavar skal levere omsetningsrapport til kommunen
Vilkår:	Pålegg frå politiet knytt til ordensvakter må etterkomast.
Aldersgrense:	18 års aldersgrense på heile arrangementet

## **PS 16/5 Årsmelding - årsrekneskap**

### **Forslag til vedtak:**

1. Årsrapporten for Midsund kommune 2015, som inneheld årsrekneskap og årsmelding vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
2. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
3. Finansrapporten per 31.12.2015 vert godkjend.

### **Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 14.04.2016**

1. Årsrapporten for Midsund kommune 2015, som inneheld årsrekneskap og årsmelding vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
2. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
3. Finansrapporten per 31.12.2015 vert godkjend.

### **Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 15.04.2016**

1. Årsrapporten for Midsund kommune 2015, som inneheld årsrekneskap og årsmelding vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
2. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
3. Finansrapporten per 31.12.2015 vert godkjend.

Møtet vart heva kl 12:10.